# Kystsoge vekene 2012

11. august til 16. september






## *Stormønstring av kystkultur i 22 kommunar*

Stiftinga Kystsogevekene

Kystkultur -
tradisjon og utvikling...

HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

# Velkomen til Kystsogevekene 2012



Som nyvalt styreleiar i Kystsogevekene er det ei glede for meg å presentere programmet for ei formidabel stormønstring av Kystkulturen.

Det er 16. året Kystsogevekene vert arrangert. Svært gledelig er det i år at me har fått med Kvinnherad og Fusa kommune slik at me i år er 22 kommunar som deltek i denne flotte stormønstringa med godt over 200 arrangement.

Kystsogevekene har utvikla seg, men tradisjonelt vore opptatt av å formidle kystkulturens mangfald. Studerer du det flotte programmet vil du sjå at det er ein flott kombinasjon av arrangement som binder den tradisjonsrike kystkulturen saman med dagens «livslyst og bulyst» langs kysten. Det er såleis kjente arrangement, men også nye. Her nemnes marknader, konsertar, festivalar, utstillingar – noko for ein kvar smak!

Det er mykje godt lokalt engasjement i den enkelte kommune som gjer at Kystsogevekene er eit godt konsept for å marknadsføra dei ulike kommunane sine arrangement. Lokale krefter viser evne til å ta vare på historia og tradisjonar, samstundes som ein vidareutviklar arrangementa og tenkjer nytt. Vår gode daglege leiar i stiftinga for Kystsogevekene Lena Eikeland Kutschera har også i år lagt grunnlaget for eit godt program med sitt gode samspel med den enkelte kommune!

Studer programmet – og delta på arrangementa!
Vel møtt til kjekke Kystsogeveker !

Stiftinga Kystsogevekene

Ove Trellevik
Styreleiar

## Innhald


| | | | |
|---|---|---|---|
| **Sund** | side 6 | **Øygarden** | side 21 |
| **Gulen** | side 7 | **Fjell** | side 22 |
| **Masfjorden** | side 8 | **Austevoll** | side 23 |
| **Fedje** | side 10 | **Os** | side 24 |
| **Austrheim** | side 11 | **Fusa** | side 26 |
| **Lindås** | side 12 | **Tysnes** | side 27 |
| **Radøy** | side 13 | **Fitjar** | side 28 |
| **Meland** | side 15 | **Stord** | side 29 |
| **Osterøy** | side 17 | **Bømlo** | side 30 |
| **Bergen** | side 19 | **Sveio** | side 32 |
| **Askøy** | side 20 | **Kvinnherad** | side 33 |




# Offisiell opning av Kystsogevekene 2012 Sund 11. august

**11. august vil verta ein kystkulturell festdag!**

**Sund kommune og Stiftinga Kystsogevekene inviterer saman med lokale arrangørar til allsidig aktivitet, underhaldning og impulsar.**

Dagen startar på føremiddagen, med avmarsj kl 11.00 frå idrettsplassen i Telavåg med tur til Bekhilderen, ei grotte som berre er tilgjengeleg ved fjøre sjø. Her vil vi få ein flott konsert kl 12.15 med Vivian Steinsland og Marlene Kleppevik i den stemningsfulle naturformasjonen. Etter konserten vert det fiskesuppe om bord i MS Glesnes. Vandring tilbake eller båtskyss om nokon skulle trenge det.

Handelstaden Glesvær har lange tradisjonar med handel, skjenking og sosiale samankomstar. Denne denne vert det marknad og yrande folkeliv med boder, torgsal og underhalding og god stemning. Dette vil pågå frå kl 12.00.

Sjøsportsenteret vil tilby aktivitetar på sjøen for dei som ønskjer litt fart og spenning.

For dei spreke skal det også arrangerast ei sprinttriathlon med start og mål på Glesvær, med løping, sykling og svømming. Desse har eigen påmelding.

**Offisiell opning kl 15.00**
Klokka 15.00 vert det på Glesvær høgtideleg opning av Kystsogevekene 2012, og det offisielle startskotet for fem veker med kystkultur i 22 kommunar på Vestlandskysten. Det vil då verte talar og ikkje minst kulturelle innslag frå Sund.

Etter opningshøgtida held marknadsdagen fram og folk kan kose seg med musikk, handel og aktivitetar.

Festdagen vert avslutta med ein konsert av *Dei siste sjømenn* i Ungdomshuset kl 21.00. Desse sjømennene er av den musikalske arten og vil syngja velkjente songar av Johannes Kleppevik, men arrangert i eiga stil. Her vert det kule gitarriff og rytmar, melankoli og heimlengt med smerte, havsalt og vande sjømenn.

Ta turen til Glesvær 11. august!





# Kystsogevekene 2012 - 11. august til 16. september

**Laurdag 11. august**
Offisiell opning av Kystsogevekene 2012 Glesvær i Sund
Ein kystkulturell festdag!
Sund kommune og Stiftinga Kystsogevekene inviterer saman med lokale arrangørar til allsidig aktivitet, underhaldning og impulsar.
Tur og konsert i BekhillerenTelavåg/ Bekhilleren
Torgdag på Handelstaden Glesvær
Offisiell opning av Kystsogevekene 2012 Glesvær *Dei siste sjømenn* Glesvær/Sund

Jan Eggum i Masfjorden båt- og sjøbruksmuseum Masfjordnes/ Masfjorden
Havsportveka 2012 Austrheim Havsportveka
Nøtlevågsdagen Nøtlevågen/Radøy
Vestlandsforteljingar Adnestova - heimen til fiskarbonden Sæle/ Øygarden
Kystsogehelg i Bekkjarvik Austevoll/ Bekkjarvik/Stolmen
Fitjarfestivalen Fitjar
Five thousand grenerations of birds Fitjarøyane/Smedholmen/Fitjar
Brandasunddagane Brandasund/ Bømlo
Goddodagane Austvik/Goddo/Bømlo

**Søndag 12. august**
Båt- og rodagar Masfjordnes/Masf- jorden
Havsportveka Austrheim
Opning av Kystsogevekene i Radøy Sletta/Radøy
Bokkafe og foredrag Eknesvågen/ Lindås
Familiedag i Gamle Bergen Elsero/ Bergen
Open kafe på Langøy Kystkultursenter /Fjell
FitjarfestivalenFitjar
Five thousand grenerations of birds Fitjarøyane/Smedholmen/Fitjar
Kystsogehelg i Bekkjarvik Austevoll/ Bekkjarvik
Not og sild... før og no - Eit sildaeventyr...I Saltebuo på Årbakka/ Tysnes
Brandasunddagane Brandasund/ Bømlo
Goddodagane Austvik/Goddo/Bømlo
Fyrjazz på Ryvarden Ryvarden/Sveio

**Tirsdag 14. august**
Skulefri! Osterøy museum/Gjerstad/ Osterøy
Vestlandsforteljingar Ovågen - tett på vågen Ovågen/Øygarden

**Onsdag 15. august**
På Ramnens dag – premiere Skjerje- hamn/Gulen
Vestlandsforteljing - Frå notbu til hyt- teparadis i Telavåg/Sund

**Torsdag 16. august**
På Ramnens dag Skjerjehamn/Gulen

**Fredag 17. august**
På Ramnens dag Skjerjehamn/Gulen
DDE på Kraftspela Matre/Masfjorden
Kulturvandring i Landsbyen i havet
Jazzgusteneste Fedje kyrkje/Fedje
Konsert med Marit Drivenes Manger folkehøgskule/Radøy
Harudes vikingleir og marknad på Spurkeland Gard/Seim/Lindås

**Laurdag 18. august**
Marknads- og aktivitetsdag på Matre / Masfjorden
Kulturvandring gjennom landsbyen i havet Fedje
Fonnesdagen Fonneskaien/Austrheim
Risnesmarknaden Risnes/Radøy
Mat fra fjæra Byngja/Radøy
Harudes vikingleir og marknad på Spurkeland Gard/Seim/Lindås
Opninga av Kystsogedagane i Os Søre Øyane/Bruarøya/Os
Bygdadans i ungdomshuset i Søre Øyane/Os
Kulturdag på Bogøy Bogøy/Fusa
Dansegalla i Tysneshallen Våge/Tysnes
Kystsogevekeutstillar Brian Wallace Moster Amfi/Bømlo

**Søndag 19. august**
Kaidagen! Furneset/Gulen
Sommarutstilling i Kvamsdals fargeri Masfjordnes/Masfjorden
Omvisning i Masfjorden båt- og sjøbrukssamling Nothuset/Sandnes/ Masfjorden
Esbjörn Hazelius band i Masfjorden båt- og sjøbrukssamlingMasfjordnes/ Masfjorden
Bjørn West-marsj Matre - Stordalen/ Masfjorden
Knutar, spleis og tauarbeid Midgard på Øvre Manger/Radøy
Grilltreff i Storsandvik Storsandvik/ Radøy
Då straumen kom Strilamuseet Seim/ Lindås
Bokkafe og foredrag Med folk og post Eknesvågen/Lindås
Harudes vikingleir og marknad på Spurkeland Gard/Seim/Lindås
Open kafe på Langøy Kystkultursenter Langøy/Fjell
Museumdag på Bygdetunet Rød Uske- dalen/Kvinnherad

**Fredag 24. august**
*Melano* 10 års jubileumskonsert Galleri Rustica, Holmeknappen/Meland
Periferifestivalen Glesvær/Sund
Fartein Valen-festivalen Festivalopning i Valenheimen/Sveio

**Laurdag 25. august**
Open dag i Sellevåg treskofabrikk Sellevåg/Gulen.
Båt- og rodagar Masfjordnes/Masfjorden
Fra De Mollstemte Skoger - Konsert i Kvamsdals fargeri Masfjordnes/Mas- fjorden
Tur i fiskarbonden sitt rike - Krossøy/ Austrheim
Seglkurs Radøy
Ein hyllest til poteten! Nordanger/ Radøy
Kystsogedagane i Meland Holmeknap- pen/Meland
D/S Oster i rute Holmeknappen/Meland
Mjøsdalsdagane Hosanger/Osterøy
Langøymarknaden Langøy/Fjell
Naustdans på Langøymarknaden Langøy/Fjell
Periferifestivalen Glesvær/Sund
Oselvarfestival og Bondens dagOsøyro/ Os
Langevågdag Langevåg/Bømlo

**Søndag 26. august**
Vikingar og middelaldertid Lygra/Lyng- heisenteret
Bokkafe og foredrag Utvandring frå Nordhordland til Amerika Eknesvågen/ Lindås
Familiedag med fiskekonkuranse Slip- pen i Sæbøvågen/Radøy
Kystsogedagane i Meland Holmeknap- pen/Meland
Mjøsdalsdagane Hosanger/Osterøy
Langøymarknaden Langøy/Fjell
Gøy på landet Hordamuseet/Stend
Kystkulturdag på Engevik Engevik/ Fusa
Fartein Valen-festivalenValestrand/ Leirvåg/Sveio
Konsert og foredrag i Vigdartun/Sveio

**Onsdag 29. august**
Kvardagliv i 1850 - Skuleklasse på Bogatunet/Radøy

**Torsdag 30. august**
Kvardagliv i 1850 - Skuleklasse på Bogatunet/Radøy

**Fredag 31. august**
Kvardagliv i 1850 - Skuleklasse på Bogatunet/Radøy
Bakekurs på Radøystova Sletta/Radøy
Utekonsert med Bjørn Eidsvåg med band Kystmuseet i Ovågen/Øygarden
Kystdagane på Sunde/Kvinnherad
Kanaldagane 2012 Finnås/Kuleseidka- nalen/Bømlo

**Laurdag 1. september**
Bakekurs på Radøystova Sletta/Radøy
Sandviksdagene Sandviksboder Kyst- kultursenter/Bergen
Sandviksdagene i Gamle Bergen Elsero/Bergen
Kystdagane på Sunde/Kvinnherad
Kanaldagane Finnås/Kuleseidkanalen/ Bømlo
Kystsogedagar i Buavåg /Sveio

**Søndag 2. september**
Bokkafe og foredrag Bjørn West - kå- seri. Eknesvågen/Lindås
Sandviksdagene Sandviksboder Kyst- kultursenter/Bergen
Sandviksdagene i Gamle Bergen Elsero/Bergen
Hanevikdagen Hanevik/Askøy
Aktivitetsdag på Herdla fort Herdla/ Askøy
Nordsjøløypedagen i Øygarden Kyst- museet i Ovågen/Øygarden
Kyststemne i Trellevik /Sund
Kanaldagane Finnås/Kulseseid- kanalen/Bømlo
Kystsogedagar i Buavåg/Sveio

**Onsdag 5. september**
Handarbeidstreff Gjerstad/Osterøy

**Fredag 7. september**
Bakekurs på Radøystova Sletta/Radøy
Trolldom, familiemusikal Gjerstad/Os- terøy museum/Osterøy

**Laurdag 8. september**
Trolldom Gjerstad/tunet på Osterøy museum/Osterøy
Bergenhusdagene Bergenhus festning/ Bergen
Kulturminnedag - Møteplassar kring Bjørnafjorden, Os/Fusa/Tysnes
Open dag ved Sunnhordlandstunet Leirvik/Stord

**Søndag 9. september**
Sesongavslutning Gulen fiskarbond- emuseum Byrknesøy/Gulen
Bokkafe og foredrag Kristenliv på Vestlandet Eknesvågen/Lindås
TrolldomGjerstad/tunet på Osterøy museum/Osterøy
Bruvik kyrkje Bruvik/Osterøy
Bergenhusdagene
Bergenhus Festning/Bergen
Kulturminnesafari Fjell
Museumsdag på Årskog museum Årskog/Fitjar

**Tirsdag 11. september**
Ope hus - dansekveld Grønskaret ungdomshus/Osterøy

**Torsdag 13. september**
Oldefars ulveskinnpels Lonevåg / Osterøy

**Laurdag 15. september**
Opning av klatreløype Øvre Manger/ Radøy

**Sundag 16. september**
Kurs i langbogeskyting Midgard på Øvre Manger/Radøy
Ope på Nordanger Gardsmuseum Nordanger/Radøy
Bokkafe og foredrag Mattradisjonar frå Nordhordland Eknesvågen/Lindås
Songar frå vest Marianne Juvik Sæbø Gjerstad kyrkje/Osterøy

www.kystsogevekene.no

# Sund

Adm. senter: Skogsvåg
Fylke: Hordaland
Areal: 99,7 km2
Folketal pr 1.1.12: 6 409
www.sund.kommune.no




## Livet ved havet

Verdikommunen Sund ligg sør på Sotra og har ein praktfull natur mot kysten og havet. Lokale natur- og kulturopplevingar og kulturhistoriske verdiar er fokus for Sund kommune. Det vert elles lagt vekt på trygge bumiljø, gode oppvekstvilkår og aktiv medverknad i ein desentralisert krinsstruktur. Sund satsar på levande nærmiljø med god livskvalitet. Kommunen er og aktiv med i samarbeidsprosjekt i regionen og i internasjonalt kulturarbeid. Barn og unge har hovudfokus i arbeidet med vern, vekst og utvikling. Reiseliv sjå www.kysteventyret.no

## Program

**Offisiell opning av Kystsogevekene 2012**
Sund 11. august
Ein kystkulturell festdag!
Sund kommune og Stiftinga Kystsogevekene inviterer saman med lokale arrangørar til allsidig aktivitet, underhaldning og impulsar.

**Tur og konsert i Bekhilleren**
Telavåg/Bekhilleren kl 11
Avmarsj frå idrettsplassen i Telavåg med tur til Bekhilderen, ei grotte som berre er tilgjengeleg ved fjøre sjø.
kl 12.15 Konsert med *Vivian Steinsland* og *Marlene Kleppevik* i den stemningsfulle naturformasjonen. Etter konserten vert det fiskesuppe om bord i MS Glesnes. Vandring tilbake eller båtskyss om nokon skulle trenge det.

**Torgdag på Handelstaden Glesvær**
kl 12
Handelstaden Glesvær har lange tradisjonar med handel, skjenking og sosiale samankomstar. Denne dagen vert det marknad og yrande folkeliv med boder, torgsal og underhalding og god stemning.
Sjøsportsenteret vil tilby aktivitetar på sjøen for dei som ønskjer litt fart og spenning.
For dei spreke skal det også arrangerast ei sprinttriathlon med start og mål på Glesvær, med løping, sykling og svømming. Desse har eigen påmelding.

**Offisiell opning av Kystsogevekene 2012**
**Glesvær kl 15**
Det vert høgtideleg opning av Kystsogevekene 2012 på Glesvær, og det offisielle startskotet for fem veker med kystkultur i 22 kommunar på Vestlandskysten. Det vil då verte talar og ikkje minst kulturelle innslag frå Sund. Etter opningshøgtida held marknadsdagen fram og folk kan kose seg med musikk, handel og aktivitetar.

**Dei siste sjømenn i Ungdomshuset**
Kl 21 - Festdagen vert avslutta med ein konsert av *Dei siste sjømenn* i Ungdomshuset. Desse sjømennene er av den musikalske arten og vil syngja velkjente songar av Johannes Kleppevik, men arrangert i eiga stil. Her vert det kule gitarriff og rytmar, melankoli og heimlengt med smerte, havsalt og vande sjømenn.

**Periferifestivalen**
24. - 25. august
Periferifestivalen er ein festival for deg som vil oppleva god musikk i eit unikt festivalmiljø. I havgapet sørvest på Sotra ligg Glesvær, det perifere sentrum for Periferifestivalen. Bygda, havet og naustmiljøet gjev stemning og atmosfære - der havsus møter populærmusikk.
Konsertane kan du nyta ved utescena som ligg på den gamle handelstaden i sjøkanten, i eit naust, på eit svaberg, frå ein båt.
Periferifestivalen lover å levera sitt sterkaste festivalprogram nokon gong. I tillegg til DumDum Boys og Kaizers Orchestra kjem òg desse artistane til Periferien: Sivert Høyem, Jon Olav Nilsen & Gjengen, Marit Larsen, Magnet og Lars Vaular. Dessutan vert det intimkonsertar i naustet med mellom andre Odd Nordstoga, Stein Torleif Bjella, Solveig Slettahjell, Mari Kvien Brunvoll og Stein Urheim.
Sjå heile programmet på www.periferifestivalen.no

**Vestlandsforteljing  Frå notbu til hytteparadis i Telavåg**
Onsdag 15. august kl 13
Frå Nordsjøfartmuseet i Telavåg går turen i Nordsjøløypa til Selstøbuene. Dei er noko av det einaste som var att etter Telavågtragedien i 1942. Selstøbuene ligg ytst ved havet. Dei vart tidlegare nytta som garnbuer i samband med fiske. Folk budde i desse buene både under og etter krigen. På slutten av 1950-talet leigde byfolk staden i over 20 år. På denne turen får du innblikk i fiske før i tida, terrorhandlinga i Telavåg i 1942 og etterkrigstida. Forteljinga føregår ute, og ein må gå 1 km. i terrenget for å koma til Selstøbuene. Terrenget kan vera vått. Forteljinga kan tingast på engelsk. Møt opp, kjøp billett hos forteljaren. Turen kan bestillast heile året, kontakt Nordsjøfartmuseet i Telavåg
www.museumvest.no



# Gulen

Adm. senter: Eivindvik
Fylke: Sogn og Fjordane
Areal: 596 km2
Folketal pr 1.1.12: 2 310
www.gulen.kummune.no



Heilt sørvest i Sogn og Fjordane ligg Gulen som eit bruhovud til Hordaland. Kontrastane er store, frå dei ytste av om lag 1500 øyar, holmar og skjer i vest og inn til dei frodige landbruksbygdene mellom dei ville fjella i aust, mot Stølsheimen. Innbyggjarene er jamt fordelte kring skulekrinsane Byrknes, Brekke, Dalsøyra og Eivindvik.

Reiseliv sjå www.fjordkysten.no

## Program

**På Ramnens dag**
Skjerjehamn
15. , 16. og 17. august kl 21.30
*På Ramnens dag* er eit musikkdramatisk spel om kystarbeideren sitt dramatiske liv og historie. På Ramnens dag henter sitt bakteppe frå den voldsomme og særs dramatiske stormen som traff denne delen av vestlandet den 11. mars 1822. Dette var "skrækkens dag" slik Gjest Baardsen skildra den, omlag 400 mennesker omkom denne stormdagen.

Arr: AOF Norge og Arbeiderbevegelsens kulturnettverk Sogn og Fjordane

**Kaidagen!**
Furneset
Sundag 19. august kl 12.
Det vert servert sjømat på kaia. Oster legg turen innom på tur fra Hindenes via Fonnes. Det vert ulike aktivitetar for store og små. Elias-båtane kjem, det vert palleløp, funballs, salgboder, miniloppemarked, tombola, lett underholdning m.m. Museet i gamle butikken har ope og det blir filmframvising. Arr. Brandangersund samfunnshus

**Open dag i Sellevåg treskofabrikk**
Sellevåg
Laurdag 25. august kl 12 - 16
Sellevåg treskofabrikk er ei lita industriperle inst i Gulen. Det var produksjon av tresko her mellom 1899 og 1972. Frå 1952 vart også sagbruk ei viktig brikke i produksjonslina. Sellevåg treskofabrikk har sidan 1994 vore fokusert på som eit viktig teknisk-industrielt kulturminne og har fått midlar til istandsetting av Riksantikvaren. Det vert omvisning i treskofabrikken og filmframvisning som syner fabrikken og det vassdrivne maskina i drift. Sal av kaffe og vaflar.
Arr. Magne Sellevåg

**Sesongavslutning Gulen fiskarbondemuseum**
Byrknesøy
Søndag 9. september 14-17
Sesongavslutning då dette er siste faste dagen med ope museum. Sesongen vert avslutta med med kaffe og kaker og trekking av loddboka som har blitt solgt i løpet av sommeren.
Søndagsåpent i perioden 17. juni til 9. september.

# Masfjorden

Adm. senter: Masfjordnes
Fylke: Hordaland
Areal: 558 km2
Folketal pr 1.1.12: 1 683
www.masfjorden.kommune.no



Masfjordnaturen er vekslande. Frå dei nakne skjera utmed Fensfjorden til det sundrivne fjellandskapet tusen meter over havet. Er du båtmenneske, kan du vera for deg sjølv i et avgøymt sund utanfor Risnes. Fjellturisten skal gå lenge før han går lei. Stordalsområdet har eit fint fjellterreng både sommar og vinter. Vasskraft og havbruk er dei viktigaste næringsvegane i kommunen. Vasskrafta er berebjelken i heile Masfjordsamfunnet.

Reiseliv sjå www.visitnordhordland.no

## Program

**Jan Eggum i Masfjorden båt- og sjøbruksmuseum**
Laurdag 11. august kl 19
Masfjordnes
Konsert med Jan Eggun i særmerkte lokaler i Nothuset på Sandnes, Mafjordnes.
Reservering av billettar, 56 16 62 00 eller post@ masfjorden.kommune.no. Pris kr 250,- Ledd i Sommarscena

**Båt- og rodagar**
Søndag 12. august kl 13-17
Masfjordnes
Masfjorden båt- og sjøbrukssamling, i Nothuset på Masfjornes gjev deg høve til å koma seg ut på fjorden i robåtar, og få basisopplæring i bruk av båt, og erfaring frå bruk av opne båtar og auka kunnskapen om tradisjonshandverket som ligg til grunn. Lær knutar for fortøying, bruk av redningsvest, ulike roøvingar. Ta Forbundet Kystens "Roknappen. www.kysten.no/ roknappen Dei som berre ynskjer å ro ein liten tur, skal få høve til det.

**Kraftspela**
Matre
17.-19. august
Kraftspela blir 17. - 19. august, og på hovudkonserten dette året spelar 20-årsjubilanten DDE. Meir info kjem.

**DDE**
Fredag 17. august
DDE er eit av dei mest kjende og populære turnebanda i landet. I år markerer dei 20-årsjubileum.

**Marknads- og aktivitetsdag på Matre**
Laurdag 18. august

**Sommarutstilling i Kvamsdals fargeri**
Masfjordnes
Laurdag 11. august kl 18
Tekstilkunstnaren Lise Simonnæs fortel om arbeida sine. Dei drøymande, teatralske bileta tek oss inn i små poetiske eventyr. Utstillinga vert opnar 29. juni. Utstillinga er ope fredag til sundag kl 13-17 fram t.o.m. sundag 26. august.

**Omvisning i Masfjorden båt- og sjøbrukssamling**
Nothuset/Sandnes
Sundag 19. august kl 18.30
Kulturminnegranskar Arne Høyland har omvising i båt- og sjøbrukssamlinga.

**Esbjörn Hazelius band i Masfjorden båt- og sjøbrukssamling**
Sundag 19. august, kl 19.30
Masfjordnes
Esbjörn Hazelius band har eit drømmande uttrykk. Han vandrar mellom svenske melankolske folketonar og eldre amerikansk visetradisjon www.esbjornhazelius. com Ledd i Sommarscena



Masfjorden

## Program

**Bjørn West-marsjen**
Matre - Stordalen
19. august
Marsj i lett fjellterreng til minne hendingane i Matrefjella under andre verdenskrig. Velg mellom "Lang" eller "Kort" rute. Den lange løypa tek omlag 5-6 timar

kl 14.30 Konsert ved Fjellstova, Gudsteneste kl 15.15 Minnemarkeringa ved bautaen kl16.00. Meir info på www.bjornwest.no

**Fra De Mollstemte Skoger - Konsert i Kvamsdals fargeri**
Laurdag 25. august, kl 19.30
Masfjordnes
Tonesette dikt av kjende Hedmarksdiktarar. Norsk folkemusikk ligger bak, men også britiske og amerikanske impulser bryter fram.
www.frademollstemteskoger.no
Ledd i Sommarscena

**Båt- og rodagar**
Lørdag 25. august kl 13 - 17
Masfjordnes
Besøkjande kan koma og utføra øvingar og test, slik at dei ta "Roknappen". Det vert maritimt handverk i båt- og sjøbrukssamlinga. Det vert øksing av halsar, laga årer eller gjort anna arbeid knytta til båtbygging. Prat med kyndige fagfolk om båtbygging, restaurering og vedlikehald. Båtsamlinga - dei ulike gjenstandane, båtane/typane som er utstilt, samt historikken i regionen vert også kommentert av av båtbyggjarane, og kulturminnegranskar Arne Høyland. Borna kan byggja seg sin eigen leikebåt!

www.kystsogevekene.no

Kystkultur -
tradisjon og utvikling...

# Fedje

Fylke: Hordaland
Areal: 9,4 km2
Folketal pr 1.1.12: 576
www.fedje.kommune.no



### Landsbyen i havet

Fedje kommune ligg lengst nordvest i Hordaland, og er den vestlegaste kommunen i Noreg. Kommunen består av hovudøya Fedje og 125 mindre øyar, holmar og skjer. Fedje er ikkje som den franske riviera. Her finst mange grå dagar. Storm, sjøgang og strie regnelingar er kvardagskost for oss som bur her, men opplevingar for dei som kjem hit. Så - uventa og velkomne - tørkar sola skyene bort. Vinden tagnar og så ligg Fedje der med alle sine holmar og skjer bada i det store lyset. Ingen stader er himmelen så stor som over ei øy i havet. Du er aldri einsam her ute. Ver vår gjest, me bryr oss om deg.
Reiseliv sjå www.visitnordhordland.no

## Program

### Kulturvandring i Landsbyen i havet

Fedje inviterer til kulturvandring gjennom landsbyen i havet. Det vert kulturelle innsalg på sentrale stadar i landsbyen.




Fredag 17. august

| Kartnr | Stad | Tid | Hending |
|---|---|---|---|
| 6 | Fedje kyrkje | Kl 19 | Jazzgusteneste ved Asbjørn Vilkersen og Alverflaten Jazzband |

Laurdag 18. august

| Kartnr | Stad | Tid | Hending |
|---|---|---|---|
| 1 | Ferjekaien | | Sjå eigen rutetabell |
| 2 | Kvalutsal | Frå kl 10.30 | Sal av kvalkjøt |
| 3 | Pernillekafeen | kl 11 | «Terje Vigen» - Framføring og foredrag ved Trygve Fett |
| 1 | På kaiområdet | kl 12 | Maritimt meisterskap For endeleg program sjå www.fedje.kommune.no |
| 4 | Holmen Kafe | kl 21 | Dans |
| 5 | Fedje trafikksentral | kl 12.30 - 14.30 | Open dag |
| 5 | Ungdomshuset - ligg like ved Trafikksentralen | kl 11 - 14 | Krigsminneutstilling |
| 7 | Bedehuset | kl 16 | Tradisjonell Bedehusbasar med åresal, kaker, kaffi og godprat. Arr.: Fedje indremisjon |
| 8 | Nye Fedje handel | kl 09-15 | |

| Fergetider | |
|---|---|
| Frå Fedje | Til Fedje: |
| 06.00 | 06.55 |
| 07.30 | 08.10 |
| 09.25 | 10.05 |
| 10.45 | 11.20 |
| 13.30 | 14.05 |
| 14.40 | 15.15 |
| 15.50 | 16.25 |
| 17.00 | 18.20 |
| 18.55 | 19.30 |
| 21.20 | 21.55 |

www.fedje.kommune.no



# Austrheim

Adm. senter: Sætre
Fylke: Hordaland
Areal: 57,4 km2
Folketal pr 1.1.12: 2 776
www.austrheim.kommune.no



### Opne landskap, ope sinn

Austrheim kommune ligg nordvest i Hordaland. Karakteristisk for området er kulturlandskapet med lyngheiane, som i vikingtid prega kysten av Europa frå Noreg til Portugal. På ein tur gjennom kystlandskapet ser ein mange spor etter utviklinga som har gått føre seg i kyststroka i Sør-Noreg, frå jakt og fangst for 5000-6000 år sidan til oljeforedling i vår eiga tid. Her er buplassar frå steinalder, tufter frå vikingtid og mellomalder, steingardar og sjøhus frå førre århundre og oljealderen sine høgtekniske installasjonar. Noregs vestlegaste fastlandspunkt, Vardetangen, ligg i Austrheim.

Reiseliv sjå www.visitnordhordland.no

## Program

### Havsportveka 2012

8. - 12. august
*Havsportveka* vert arrangert for 4. gong, og femner om ei rekkje sjø- og havsportaktivitetar på og under vatn. *Havsportveka* har og ett rikt kveldsprogram med alt frå livemusikk til Beachparty.
Det mangfaldige programmet inkluderar eit sosialt program som kan tilfredstille dei aller fleste. God mat og underhalding er også del av opplevingane under Havsportveka. Folkeleg, Fremtidsretta og Fartsfylt er grunnlaget for Havsportveka. Blant kommunen sine 489 øyer finn du naturgjevne føresetnader som stille viker, strømfulle sund og storhavet utanfor stovedøra. Fra HavCamp er det berre minutter ut til dei ulike øvelsesarenaene, og i sentrum av Austrheim har du det servicetilbudet du treng. Kjem du til Havsportveka skulle det vera rikeleg med aktiviteter for deg. Kajakk, windsurfing, dykking, fisketur, RIB, segling og mykje anna moro.
Arr. Havsportlauget. Følg med på www.havsportveka.no

### Fonnesdagen

18. august kl 12- 16
Fonneskaien
Den tradisjonesrike *Fonnesdagen - Dajen dar folk møtest* vert også i år. Mykje av programmet er kjent og kjært, og det vert på nytt høve til å dele nye opplevelsar og gode stunder. Veteranbåten D/S Oster kjem, taubåt frå Mongstad møter redningsskøyta "Utvær" som har med seg Eliasbåtane. Veteranbussen, brannbil og brannbåt er på plass, det same er Jan Åge Storheim og Tempoklubben.
Kl 12 Åpning v/ ordførar Per Lerøy
Kl 13 Lokal innslag frå scena, "Sandman" frå Fonnes og Trekkspelklubben
Kl 14 *Dei siste sjømenn* frå Sotra spelar Johannes Kleppevik
Det vert og klinking av gammal trebåt, spleising av tau, garnbøting og ruselaging. Utstilling av fiskereidskapar. Sal av krabbe, fiskesuppe, rømmegraut, lefser, vaflar, kaffi , is, brus og spekemat
Smaksprøvar på grilla kvalkjøtt og spennande sildedelikatessar

### Tur i fiskarbonden sitt rike - Krossøy

Krossøy
Laurdag 25. august kl 14
Oppmøte på snuplassen på Krossøy. Guida tur i vakkert øylandskap, freda naustmiljø, gardsmuseum, smie mm. Turen passar for alle og vi vandrar i lett terreng og vert kjend med fiskarbonden sitt liv. Sal av fiskesuppe og kaffi i naustet. Dei som vil kan vere med heilt ut til Gavlen.
Arr. Krossøy Grendalag.

# Lindås

Adm. senter: Knarvik
Fylke: Hordaland
Areal: 475,9 km2
Folketal pr 1.1.12: 14 668
www.lindas.kommune.no



*Der draumar blir røyndom*

Lindås er den største kommunen i Nordhordland, med regionsenteret Knarvik som naturleg knutepunkt. Det som var lyngmark for 40 år sidan, er i dag ein moderne bygdeby på nordsida av Nordhordlandsbrua. Lindås er ein fjord- og kystkommune med vakker natur frå fjord til fjell. Ta ei skogsvandring i den nordlegaste bøkeskogen i verda, opplev lyngheiane og det opne, vakre kystlandskapet.

Reiseliv sjå www.visitnordhordland.no

## Program

**Utstilling Langs kysten**
Lindås folkeboksamling - Knarvik
11. august - 15. sept. i bibliotekets opningstid.

**Då straumen kom**
Seim
Søndag 19. august kl 14
Strilamuseet har temadag om straum. Omvisning og film kvar søndag frå kl 14 - 17 under Kystsogevekene.

**Bokkafe og foredragsrekkje**
Eknesvågen
Bokkafeen i Eknesvågen er er open kvar sundag kl 13 – 17.
Eknesvågens Venner vil ha fylgjande tilskipingar:

Søndag 12. august kl 13.30
Opning av utstillinga *Ein vanleg dag i Vassel skulekrins*
Kl 14 «*Arne Bjørndal*» Kåseri ved Sigbjørn Apeland.

Søndag 19. august kl 14
*Med folk og post* Forfattarane av boka «Dar kjem dampen- med folk og med post» Arne Eriksen &Audun Hanstveit kåserer.

Søndag 26. august kl 14
*Utvandring frå Nordhordland til Amerika* Kåseri ved historikar Kenneth Bratland ved som til dagleg arbeider ved statsarkivet i Bergen og har ei viss tilknyting til Vestnorsk Utvandringssenter.

Søndag 2. september kl 14
*Bjørn West - kåseri* ved Nordhordland Forsvarsforening

Søndag 9. september kl 14
*Kristenliv på Vestlandet* Biskop Ole D. Hagesæther kåserer

Søndag 16. september kl 14
*Mattradisjonar frå Nordhordland* v/avdelingsleiar Torill Kvingedal, Lyngheisentret.

**Harudes vikingleir og -marknad på Spurkeland Gard**
17. - 19. august kl 12-18
Spurkeland/Seim
Leirområde med plass til mange telt og rikeleg med høve for aktivitetar som bogeskyting og øksekasting, og å høyre historier. I tillegg vert det ein liten marknad. Vel møtt både vikingar og publikum! Arr Spurkeland Viking Gard og Harudes - vikinglaget i Nordhordland
www.spurkelandvikinggard.no

**Vikingar og middelaldertid**
Lygra/Lyngheisenteret
Søndag 26. august kl 12 -17
Primstaven viser øks og kniv, hammar eller kross. I dag kan du gå på kaupang, skyta med boge, eller reisa med båt og sjå og høyra om middelaldergarden på Lurekalven. Vikingar som på drakta kan attkjennast har fritt leide.
www.lyngheisenteret.no



# Radøy

Adm. senter: Manger
Fylke: Hordaland
Areal: 110 km2
Folketal pr 1.1.12 : 4 952
www.radoy.kommune.no



Radøy med tilnamnet "Den grøne øya" syner til den vakre og frodige naturen i kommunen fordelt på 269 øyar holmar og skjer. Radøy ligg sentralt i Nordhordland, 4 mil nord for Bergen. Kommunen er eit eldorado for friluftsinteresserte. Her kan du spasera på stiar tvers over øya i vakkert kulturlandskap. Du kan fiska i innlandsvatn og på dei mange gode fiskeplassane i sjøen.

Reiseliv sjå www.visitnordhordland.no

## Program

**Nøtlevågsdagen**
Nøtlevågen
Laurdag 11. august
kl 14.00 *Omvisning og forteljing* frå butikken og meieridrifta i Nøtlevågen
kl 20.00 *Bryggjedans* i Nøtlevågen
Arr.: Dale Bygdelag og Nøtlevåg Meieri

**Opning av Kystsogevekene i Radøy**
Sletta, Vestnorsk utvandringssenter
Søndag 12. august kl 12.00
Opninga ved Utvandingssenteret. Etter opninga: Besøk "Amerika", emigrantlandsbyen og "opplev" Amerika anno 1880 gjennom aktivitetar som t.d. bogeskyting, besøk i skulestova, smaksprøvar av mat og utstilling av emigrantbilete. Leita etter familien ved hjelp av Digitalarkivet og andre kjelder.
Besøk Noreg, Åsen på Øvre Tveiten, eit restaurert gardstun, og opplev det Noreg emigrantane forlet, omvisning, bondekost, ljåslått, dyr, leikar for born mm. Reis mellom Amerika og Noreg med veteranbuss.
Arr. Radøy kommune og Vestnorsk utvandringssenter.

**Konsert med Marit Drivenes**
Manger folkehøgskule
Fredag 17. august kl 19.30
Ein musikalkonsert. Frode Skag Storheim; piano, Solfrid Drivenes; konferansier. Vaksne 150,- Born under 12 år 50,-

**Risnesmarknaden**
Risnes
Laurdag 18. august kl 12-15
Risnesmarknad med diverse salsboder. Aktivitetar for store og små. Arr. Risnes grendalag

**Mat fra fjæra**
Byngja
Laurdag 18. august kl 12-15
Lær å finna og laga til utradisjonell mat frå sjøen. Ta med støvlar, rive, håv og bøtte. Lag maten over bål. Pris kr 200,-. Born u 16 gratis. Påmelding bm@godjord.no innan 10. august. Arr. Godjord.no

**Grilltreff i Storsandvik**
Storsandvik
Søndag 19. august kl 15
Radøy sogelag sitt årlege grilltreff. Orientering om *P/L Fiskeredskap* og seinare aktivitetar.

*Knutar, spleis og tauarbeid*
Midgard på Øvre Manger
Søndag 19. august kl 12-15
Kurs i knutar, spleis og tauarbeid. Pris kr 300,-. ink materiell. Påmelding bm@godjord.no innan 10. august.
Arr: www.godjord.no

# Radøy

## Program

### Maleriutstilling
Sæbø ungdomshus
Søndag 19. august kl 14-20
kl 14 Kåseri v/Olav Marås, Vigdis Haukeland les eigne dikt.
Kl 16 Møt i atelieret til John Petter Havnerås som fortel om eige arbeid.
Kl 18 Betasuppe i ungdomshuset. Sal. Arr. Sæbø ungdomslag og skriftnemnda.

### Seglkurs
Søndag 25. august kl 11-18
Seglkurs ombord på Colin Archer-skuta Sunniva, teori og praksis. Kr 790,- kroner inkl mat. Info og påmelding tlf 56 37 04 88/909 18 214

### Ein hyllest til poteten!
25. august kl 12-15
Nordanger
Velkomne til potekjellaren på Noranger for potekakesteiking, potekjellarforedrag, potekjellarminimurarkurs, potekakekaffi, potekjellarbyggjarmøte med Haakon Aase, poteløp, og potepr at!!!

### Familiedag med fiskekonkuranse
Slippen i Sæbøvågen
Søndag 26. august kl 12.30 - 15.00
Premie og vandrepokal. Fiska frå land eller båt, og med stang og snøre. Kystlaget har ein del båtar til låns, førstemann til mølla… Kafe og aktivitetar på Slippen. Arr. Keipane kystlag

### Kvardagliv i 1850 - Skuleklasse på Bogatunet
Onsdag 29. august, torsdag 30. august og fredag 31. august
Ein skuleklasse frå Austebygd skule levandegjer 1850-talet, kledd i gamaldagse klede og lagar tradisjonskost. Tradisjonsberarar syner og fortel elevane om dei tradisjonelle gjeremåla. Ope onsdag 10 - 13, torsdag 15 - 18 og fradag 10 - 13. Arr: Radøy kommune og Radøy sogelag

### Bakekurs på Radøystova
Sletta
Fredag 31. august kl 18-21 og laurdag 1. september kl 10-17
Bak på gamlemåten med bl. anna surdeig. Fredag teori om råvarer, opplæring i baketeknikkar og ein byrjar på deigen. Laurdag ferdiggjering o steiking, felles lunsj Kr 1230,-. inkl kurshefte, bakevarer og mat. Pris berre dag 2, kl 950,-. Påmelding innan 27. august Arve Gjellesvik tlf 909 33 703

### Bakekurs på Radøystova
Sletta
Fredag 7. september kl 18-21 - laurdag 8. september kl 10-17. Same opplegg som helga før.

### Opning av klatreløype
Øvre Manger
Laurdag 15. september kl 12
Opning av treklatreløypa som passar alle aldersgrupper. Arr. Manger treklatreklubb

### Kurs i langbogeskyting
Midgard på Øvre Manger
Søndag 16. september kl 12 - 14
Kurset kr 200,- og inkl medlemskap i i Nordhordland Langbogelag. Påmelding katarina.birkeland@radoy.kommune.no innan 10. september. Arr. Nordhordland Langbogelag

### Ope på Nordanger Gardsmuseum
Nordanger
Søndag 16. september kl 12 – 17
Gamle skulen på Nordanger er museum med samlingar av ulike gjenstandar frå skular og bygdelivet. Vaksne kr 20,- born gratis.



# Meland

Adm. senter: Frekhaug
Fylke: Hordaland
Areal: 90,4 km2
Folketal pr 1.1.12: 1 683
www.meland.kommune.no



### Eit samfunn for alle
Meland kommune med kring 6000 innbyggjarar, er inngangsdøra til Nordhordland. Nordhordlandsbrua har gjort øykommunen Meland landfast med Bergen. Reisetida frå Bergen sentrum til kommunesentret på Frekhaug er knappe 30 minutt. Ein tur over frodige Holsnøy, den største øya i kommunen, viser eit innhaldsrikt kulturlandskap med mange spor etter historia; steinhus, bakkemurar, sjøbruksmiljø og setegardar for kondisjonerte byborgarar. *Meland Golf og Naturpark* gjev med sitt område på 900 mål rekreasjon og naturopplevingar både for golfarar og andre.

Reiseliv sjå www.visitnordhordland.no

## Program

### Melano 10 års jubileumskonsert
Galleri Rustica, Holmeknappen
Fredag 24. august kl 19.00

### Kystsogedagane i Meland
Holmeknappen
Laurdag 25. august 11 – 16

### Kystsogedagane i Meland
Holmeknappen
Laurdag 25. august 11 – 16

**Marknad på Holmeknappen.** Sal/utstilling av kunst- og handverksprodukt, utstilling av gamle kjørety og tradisjonsbåter. Aktiviteter for barn og unge. Sal av tradisjonsmat som sild, lefser med meir, samt grønt og småskalaprodukt. Open kafé med middag og kaffimat.
Kl 12 Opning av Kystsogedagane i Meland v/Ordfører Nils Marton Aadland.
Underhaldning fra scene heile dagen. Musikkalske innslag fra lokale aktører. D/S Oster og M/S Vestgar ligg ved kai open for omvisning.
Ca kl 13.30 håper vi på besøk av Hurtigruta.

**Holmestova:** Open for omvisning. Utstilling: Tekningar v/Kåre Eikeland
**Sjøbua:** Open for omvisning. Utstilling: Keramikk v/Liv Sundal
**Galleri Rustica:** Fotoutstilling v/Eilif Stene: "Konkrete abstrakter fra Holsnøy i samtid og fortid". Bileta er ei blanding av nye og gamle, med hovedvekt på motiv frå Fløksand.

**"Spinning, demonstrering og samtale"** v/Vigdis Valde

Knappen Handleri: Open med eit rikhaldig vareutvalg.

### D/S Oster i rute
Herdlafjorden kl 18- 23
D/S Oster går tur fra Holmeknappen til 14 gamle stoppestader i Herdlafjorden etter ei båtrute fra 1934. Rekebord, musikk og servering om bord. Billetter tlf 97686875.

### Kystsogedagane i Meland
Holmeknappen
Søndag 26. august 11 – 16

**Marknad** på Holmeknappen. Sal / utstilling av kunst- og handverksprodukt, utstilling av gamle kjørety og tradisjonsbåter. Aktiviteter for barn og unge. Sal av tradisjonsmat som sild, lefser med mer, samt grønt og småskalaprodukt. Open kafé med middag og kaffimat. D/S Oster og M/S Vestgar ligg til kai opne for omvisning.

# Meland

## Program

09 Frokost i kafételtet
11 **Friluftsgudstjeneste** på Holmeknappen kai.
Utdeling av Meland Kommune si **kulturrose**.
12.15 Konsert v/**Kristin Skauge Band**.

13.30 Håper på besøk av Hurtigruta.
14.30 **Øivind Sandberg viser filmen "Folk ved fjorden"** i Ishuset på Holmeknappen.

Detaljert program i august. Arr: Arbeidsgruppa for kystsogedagane i Meland.

**Tre skip - tre forlis**
Musikkhallen/Holme
Søndag 26. aug kl 19.00 - 20.30
*"Titanic", "Sanct Svithun" "Norge"*, eit filmillustrert foredrag v/ statstipendiat Hans K. Bukholm, og Leif Johnsen

**www.kystsogevekene.no**

Kystkultur -
tradisjon og utvikling...



# Osterøy

Adm. senter: Lonevåg
Fylke: Hordaland
Areal: 274,6 km2
Folketal pr 1.1.12: 7 521
www.osteroy.kommune.no



### Utvikling - Samhald - Livskvalitet

Osterøy, den store innlandsøya ligg omkransa av Osterfjorden, Veafjorden og Sørfjorden. På Osterøy finn du einestående lagsliv, småindustri og rike handverkstradisjonar. Jordbruket er også viktig som næringsveg. Ein rundtur på Osterøy gjev høve til å oppleva eit spennande kulturlandskap. Fjell og dalar opnar for varierte naturopplevingar og aktivitetar.

Reiseliv sjå www.osterfjord.net

## Program

**Skulefri!**
Osterøy museum/Gjerstad
Tysdag 14. august kl 12
Kjekke aktivitetar for born i alle aldrar på Osterøy museum. Det vert også *Skulefri!* 7. august.
Utstillingar på Osterøy museum: Norvald Hemre: Ein hyllest til våren og livet (Keramikk). Åse Ljones: Tekstile bilete (Tekstil). www.muho.no/osteroy-museum/

**Hosanger**
*Mjøsvågen kafe* er open kvar sundag med servering av varm mat, kaffi, vafler is og brus. Fotoutstilling av Jamie Donkey

*Galleri Mjøsvågen:* Sveinung Iversen, etsing.
*Treskoverkstaden* open sundag 12.08, 19.08 og 26.08 frå kl 15 - 18

*Markakunst* er kunst som står ute i naturen i Kossdalen og ved Kossdalsvatnet, laga av naturen sine eigne materiale. Her er fritt tilgjenge heile tida.

*Utstilling i Hosanger kyrkje:* Borgny Svalastog: Himmelrikets blomster gror. (Tekstil)
Arr Vener av Mjøsvågen

**Osterøy folkeboksamling - biblioteket som møteplass i 179 år**
Lonevåg, Osterøy bibliotek
Utstilling på biblioteket under Kystsogevekene.

**Trolldom**
Gjerstad/tunet på Osterøy museum
7.- 9. september
Ein historisk familiemusikal av Lars Sveinung Lid. Familiemusikalen *Trolldom*, byggjer på sanne hendingar frå året 1769. Det er eit syngjespel med originalkomponert musikk og mange skodespelarar som boltrar seg i eit 1700-tallstun i fantastiske omgjevnader.

**Oldefars ulveskinnpels**
Lonevåg, Osterøy bibliotek
Torsdag 13. september kl 10 og kl 12
Dokketeater med Adele Lurum Duus. For born mellom 3 og 8 år.
Arr.: Osterøy bibliotek.

# Osterøy

## Program

**Mjøsdalsdagane**
Hosanger
Lørdag 25. august og søndag 26. august
Sesongen i Mjøsvågen avsluttast md *Mjøsdalsdagane*. Her vil det bli ulike aktivitetar for store og små, liker, konkurransar, kulturinnslag ot griveleg samvær. I Mjøsvågen finn du *Galleri Mjøsvågen*, *Treskoverkstaden, Retroloftet og Mjøsvågen kafé,* med varm mat i tillegg til vanleg Sjå www.mjøsvågen.no for meir informasjon.

**Handarbeidstreff**
Osterøy museum/Gjerstad
Onsdag 5. september kl 12
Kristi Nilsen fortel om brikkevev.

**Ope hus - kom og ver med på ein dansekveld**
Grønskaret ungdomshus
Tysdag 11. september kl 18.00-19.30
Osterøy seniordans inviterer til dansekveld. Kom og sjå korleis vi har det! Arr.: Osterøy seniordans

**Bruvik kyrkje**
Søndag 9. september kl 16 - 18
Omvising i kyrkja og innsyn i gamle bøker og protokollar. Arr: Soknerådet

**Songar frå vest**
Gjerstad kyrkje
Søndag 16. september kl 19
Marianne Juvik Sæbø, song, Tove Kragset, piano, Osterøy kykjekor, dir. Liv Skoglund.
Arr.: Gjerstad sokneråd


www.kystsogevekene.no

Kystkultur -
tradisjon og utvikling...




# Bergen

Adm. senter: Bergen
Fylke: Hordaland
Areal: 465,4 km2
Folketal pr 1.1.12: 263 762
www.bergen.kommune.no

Bergen fekk bystatus av Olav Kyrre i 1070. Tørrfisken var basisen for handelen og byen sin framvekst. Frå 1360 etablerte Hansaforbundet seg med det Tyske kontor på Bryggen i Bergen. Utover i seinmiddelalderen byrja folk nordfrå sjølv å frakte varane sørover - nordlandsfarta og jektefarta starta. Frå midten av 1800-tallet var tørr-fiskhandelen framleis ein viktig del av det økonomiske fundamentet, og flamleis kom jekter stevnande inn Vågen, men dampskip tok etter hvert over frakten av lasten. Bergen er famleis ein viktig hamneby i Noreg, med cruiseskip, lasteskip og som hamn for fiskeflåta ved dårleg ver.

Reiseliv sjå www.visitbergen.com



## Program

**Familedag i Gamle Bergen**
Søndag 12. august kl 12-16
Sensommerdag med historisk sus - åpne hus, verksteder, bakeri, rebusløype, omvisning for store og små, kjole- og regntøyparade. Lekeposter for barna: balanseline, båtdam, slengdisse, småbilbane, snurrebassbane og mer. Utdrag av Kaptein Knurr og Mareminemysteriet på scenen, møt skuespillerne. La deg fotografere i tidsriktige kostymer hos fotografen. Sølvsmeden er også åpen. Skillingsboller i bakeriet, kafè i Torvsalen, i butikken får man kjøpt is, brus, kaffe, souvenirer og leker. Voksne kr 70, barn kr 25. Rutebilhistorisk forening tilbyr veteranbuss-skyss fra Bryggen hver time. Første buss kl 11.30. bymuseet.no Arr. Bymuseet og Bergens Tidende

**Gøy på landet**
Hordamuseet/Stend
Søndag 26. august kl 11-16
Gardsarbeid, fiske og naustliv på Hordamuseet. Kle deg opp i gamaldagse klede om du vil og opplev litt om livet på landet i gamle dagar. Leikar på skuleplassen -treff blink med sprettert, prøv strikkbåtar, snurrebassar eller hoppetau. Lær ulike båtknutar, lag di eige leikebåt eller ta roknappen på Fanafjorden. Med Hordaland Husflidslag får ein høve til å lage hoppetau på reperbane og snorer med slyngestokker. Open landhandel og kafe med sal av fiskesuppe og fiskekakar. www.bymuseet.no

**Sandviksdagene**
1.- 2. september
Sandviksboder Kystkultursenter
Sandviksdagene er det største enkeltarrangementet Sandviksboder Kystkultursenter deltar i. Her er det gratis båtturer, fiske på Byfjorden, omvisning i historiske sjøboder, modellbåtkjøring, åpne utstillinger i fiskerimuseet, kjøring av gamle båtmotorer, gjestende veteranskip, og mye mye mer www.kystkulturbergen.no

**Sandviksdagene i Gamle Bergen**
1. september kl 11 -15 og 2. september kl 12-16
Gamle Bergen har Levende Museum der man kan hilse på familiene Regens og Helland som har inntatt Embetsmannshuset og Kjøpmannshuset. Lekeposter for barna. bymuseet.no

**Bergenhusdagene**
Bergenhus festning
8. - 9. september
